



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, tlf
Johannes Anonby – 57 65 51 48
E-post
ja@fmsf.no

Vår dato
18.12.2008
Dykkar dato

Vår referanse
2008/4466 - 432.4
Dykkar referanse

Askvoll kommune
Postboks 174
6988 Askvoll

Sørværet naturreservat og andre verneområde i Askvoll - overføring av midlar til bossrydding m.m.

Vi viser til telefonsamtale og e-postutveksling med Kjersti Sande Tveit i Askvoll kommune 12.12.2008.

Fylkesmannen har på budsjettpost 1426.31.1 "tiltak m.v. i verneområde" for 2008 ståande kr. 10.000,- til rydding av boss frå Sørværet naturreservat. Det er Værlandet Vel v/Linda Landøy som koordinerer dette arbeidet, og Airlift som skal hente det ut med helikopter, jf. brev frå Fylkesmannen 16.10.2008. No syner det seg at vêret ikkje tillét gjennomføring før vinteren, slik at bosshentinga må utsetjast til ei lagleg tid i 2009. For å sikre at midlane like fullt er tilgjengelege til føremålet, vil vi overføre dei til Askvoll kommune, tilsvarande det vi har gjort tidlegare.

Det syner seg vidare at kr. 20.000,- som Fylkesmannen har hatt på post 1426.31.3 – "Tiltak i nasjonalt viktige kulturlandskap", til uttransport av felt gran på Tviberg, heller ikkje har vorte nytta i 2008. Grunnen til det er at det vart valt andre måtar å ta seg av det felte vyrket. Desse pengane bør difor brukast til andre tiltak for å fremje kulturlandskapsverdiane på Tviberg, eller til andre verneområde og/eller svært viktige kulturlandskap i Askvoll.

Fylkesmannen vil såleis overføre kr. 30.000,- (kroner tretti tusen) til Askvoll kommune sin konto nr. 3740.05.01034, merkt "bossrydding Sørværet" (eventuelt "tiltak i verneområde").

Bruken av pengane skal skje i samråd med Fylkesmannen v/miljøvernavdelinga. Dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med føresetnadene, kan dei krevjast attende – heilt eller delvis.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Johannes E. Anonby
rådgjevar

Kopi på e-post:

Rekneskap, for utbetaling av kr. 10.000,- frå kap. 1426.31.1 og 20.000,- frå kap. 1426.31.3 til konto nr. 3740.05.01034.

SNO v/Tore Gundersen
Værlandet Vel v/Linda Landøy

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj